



Per Ivar Ingebrigtsen er klar for ny jobb - i Uskedalen

Uskedalens nyaste einmannsforetak Shl elektroservice er eit faktum. I går opna elektrikar Per Ivar Ingebrigtsen verksemda i dei tidlegare butikklokala i Nausthaugen 2,

Han seier til uskedalen.no at han opnar stille og roleg men er trygg på at marknaden er der. Og folk som har hatt problem med kvitevarane sine sluttar seg til og meiner dette er ein rett satsing av Per Ivar.

Sjølv har han vore i kontakt med produsentar og leverandørar i det siste. Han har inngått avtale med dei om å bruka han hvis noko streikar elller havarerar. Og det må dei, ettersom dei ikkje har eigne reparatørar, Enkelt sagt tyder alt på at Per Ivar går inn og dekkar eit behov.

I tillegg til kvitevarar tek han sikte på å ordne mellom anna verktøy og også utstyr som restaurantane har, til dømes lydanlegg.

Per Ivar startar marknadsføringa no, også med eige heimeside og han har allereie fått dei første opdraga. Geografisk skal han dekkja Kvinnherad kommune men er heller ikkje framand for å gjera turer til Odda, Sjølv bur han i Dimmelsvik men kjem opprinneleg frå Stord.

Per Ivar er i kompaniskap med eigaren av Nausthaugen 2 Geir Rusten, men eigeidomsutviklaren på Sandvoll skal naturleg nok ikkje ta del i drifta sjølv. Han er ein finansiell rygggrad.

Per Ivar har også skaffa seg ein kjekk hente-og-bringe-bil for den verksemda han no skal igang med.

Det nærmer seg no 20 år sidan familien Haugland slutta med den særs assorterte daglegvarebutikken sin, som det var 4 av den gongen i Uskedalen. Butikklokala som no endeleg har fått ein ny funksjon var klare for rundt 50 år sidan.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Nausthaugen 2 er eit rommeleg bygg